

Møteprotokoll

Planutvalet

Møtedato: 06.04.2010

Møtetid:

Kl. 15.00

Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN

Saksnr.:

030/10 - 041/10

Følgjande medl. møtte	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp		
Jostein Blænes	”		
Renate Møgster Klepsvik	”		
Kjetil Østervold	”		
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Jane K Stangeland	A		
Julie Solbakken	H		
Kurt Frank	”		

Forfall meldt frå følgjande medl.:	Parti	
Christian Halstensen	Krf	

Møteleiar:	Helge Andre Njåstad
Frå adm. møte:	Leiar Off.servicektr. Lars Erling Horgen og nestleiar/Off.servicektr Astrid N Fagerbakke møtte som sekretær
Utlevert i møtet:	
Merknader:	Spørsmål frå Edvard Johannes Stangeland om kvifor reguleringsplan Bjånes gnr. 44 bnr. 3/5 m.fl. ikkje var på sakslista. Merknader frå Julie Eide Solbakken vedk. møtedato og utsending av sakspapir i samband med påskehelga.
Innkalling:	Ingen
Diverse	Jane Stangeland møtte til sak 034/2010

Underskrifter:

Helge Andre Njåstad

Leiar

Jostein Blænes

Renate Møgster Klepsvik

Kjetil Østervold

Edvard Johannes Stangeland

Jane K Stangeland

Julie Solbakken

Kurt Fank

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
030/10	GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ PLANUTVALET 12.03.2010
031/10	Referatsaker
032/10	GNR 31 BNR 0164 SANDTORV. SØKNAD OM UTSLEPP FRÅ VARDEN HYTTEFELT
033/10	GNR. 07 BNR. 0012 LUNDØY SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN
034/10	GNR. 03 BNR. 0084 FAGERBAKKE. SØKNAD OM RIVING AV HENGJA
035/10	GNR. 43 BNR.0013 STOREBØ. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALDELEN I KOMMUNEPLANEN FOR BYGGING AV BUSTADHUS
036/10	KOMMUNEPLAN - AREALDELEN - RULLERING 2010
037/10	Søknad om oppstart av regulering av område på austsida av Huftarøy
038/10	GNR. 62 BNR. 0005 VINNES GILSVÅG. RAMMELØYVE BRUKSENDRING FRÅ NAUST TIL NÆRINGSBYGG FOR UTLEIGE. SØKNAD OM DISPENSASJON
039/10	GNR. 23 BNR. 0019 MØKSTER. SØKNAD OM MELLOMBELS DISPENSASJON I MEDHALD AV PBL. § 19-3, FOR UTLEGGING AV FLYTEBRYGGER
040/10	Reguleringsendring Indreholmen del av gnr. 40, molo og kaier nord på øya. Omregulering av naust til driftsbygning for fiskeri.
041/10	GNR. 51 SØREIDE HYTTEFELT - SØKNAD OM MELLOMBELS DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN

030/10: GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ PLANUTVALET 12.03.2010

Vedtak:

Møteboka frå planutvalet 12.03.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

031/10: Referatsaker

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

032/10: GNR 31 BNR 0164 SANDTORV. SØKNAD OM UTSLEPP FRÅ VARDEN HYTTEFELT

Vedtak:

Det faste utval for plansaker godkjenner i medhald av forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 13-5, jf forskrift om begrensning av forurensning

kap. 13, §§ f.o.m 13-6 t.o.m. 13-18 søknad om utsleppsløyve motteke 06.11.2009, oppdatert 02.02.2010.

Utsleppsløyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyve omfattar utslepp av sanitært avløpsvatn større enn 50 PE.
- Avløpsanlegget skal dimensjonerast og utførast slik at det svarer til bruken, dvs i forhold til antal PE.
- Utsleppet skal reinsast via godkjent 12 m³ slamavskiljar frå felt 2 og 14 m³ slamavskiljar frå felt 1 til utsleppsleidning gjennom borehol frå kote +25 til kote -25 til utsleppspunkt i straumførande sjø på inntil -25 meter djupn.
- Driftsavtale for drift og vedlikehald av anlegget skal etablerast. Avtala må inngåast med kvalifisert føretak, t.d. røyrleggjarføretak. Kopi av avtala skal sendast til Austevoll kommune.
- Ansvarlege for private avløpsanlegg større enn 50 PE skal årleg rapportera opplysningar til kommunen innan 01.februar.
- Slamavskiljar(ane) må tømast ved behov, fortrinnsvis kvart 2. år (for bustadhus) eller kvart 4. år (for fritidshus) i samband med ordinær tøming. Tøming utanom ordinær tømefrekvens eller der ein må inngå særskilde tømearvtalar vert belasta eigar av utsleppet/avløpsanlegget.
- Dersom utslepp frå avløpsanlegg fører til upårekna forureiningsproblem kan kommunen oppheva eller endra vilkåra i løyvet eller setje nye vilkår og om nødvendig oppheva løyvet i samsvar med § 18 i forureiningslova, jf § 13-17 i forurensningsforskriften.
- Løyvet fell bort dersom arbeidet ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at godkjenning er gitt, eller der arbeidet vert innstilt i lengre tid enn 2 år.
- Utsleppsløyve kan påklagast til fylkesmannen i Hordaland innan 4 veker frå denne melding er motteke, jf forvaltningslova § 28. Klagen skal vere grunngjeven og skal sendast Austevoll kommune innan fristen går ut.

Utsleppsløyve vert gjeve på dei opplysningar som følgjer av søknad motteke 06.11.2009 og 02.02.2010.

033/10: GNR. 07 BNR. 0012 LUNDØY SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Edvard Johannes Stangeland (vedtak i planutvalet 19.01.2010):

Planutvalet har vurdert søknad om dispensasjon motteke 16.12.09 som gjeld oppføring av trekai, samt flytebryggje på gnr 7 bnr. 12 i Austevoll og gjev dispensasjon til byggjing av bryggja.

Planutvalet viser til kommuneplanen, skriftlege delen som grunngjeving for å gje dispensasjon til byggjing av den omsøkte bryggja. Det er 3-4 øyar i kommunen som er omtala i kommuneplanen slik at det skal vera lettare å få dispensasjon på Lundøy, Hevrøy, Litlekalsøy og Møkster, enn resten av kommunen. Dette på grunn av at ein vil oppretthalde busetnaden på desse øyane og leggjar tilrett for vekst.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegget frå Edvard Johannes Stangeland.

Rådmannen si tilråding fekk 2 røyster og framlegget frå Edvard Johannes Stangeland 5 røyster (Julie Solbakken og Kurt Frank H røysta for rådmannen si tilråding).

Vedtak:

Planutvalet har vurdert søknad om dispensasjon motteke 16.12.09 som gjeld oppføring av trekai, samt flytebyggje på gnr 7 bnr. 12 i Austevoll og gjev dispensasjon til byggjing av byggja.

Planutvalet viser til kommuneplanen, skriftlege delen som grunngeving for å gje dispensasjon til byggjing av den omsøkte byggja. Det er 3-4 øyar i kommunen som er omtala i kommuneplanen slik at det skal vera lettare å få dispensasjon på Lundøy, Hevrøy, Littlekalsøy og Møkster, enn resten av kommunen. Dette på grunn av at ein vil oppretthalde busetnaden på desse øyane og leggjar tilrett for vekst.

034/10: GNR. 03 BNR. 0084 FAGERBAKKE. SØKNAD OM RIVING AV HENGJA

Handsaming i møtet:

Jane Stangeland kom til møte under handsaming av sak 034/2010.

Framlegg frå Frp v/Helge Andre Njåstad;

Planutvalet tek ikkje klaga frå Unni og Knut Are Dyrdal datert 29.01.2010 til følgje og held fast på sitt vedtak gjort i møte 19.01.2010.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegget frå Helge Andre Njåstad.

Framlegget frå Helge Andre Njåstad vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Planutvalet tek ikkje klaga frå Unni og Knut Are Dyrdal datert 29.01.2010 til følgje og held fast på sitt vedtak gjort i møte 19.01.2010:

Planutvalet viser til saka om riving av hengja i Fagerbakkevågen og at den har vært på høyring. Planutvalet vi likevel tilrå løyve til riving då denne hengja har liten verdi sett frå kommunen si side og at kommunen vurderer bygningen som ei fare for omgjevnadane på grunn av tilstanden. Planutvalet gjer vedtak om å gje løyve til riving.

Planutvalet ber om at rivinga ikkje vert gjort før alle klagefristar av dette vedtak er gått ut.

035/10: GNR. 43 BNR.0013 STOREBØ. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALDELEN I KOMMUNEPLANEN FOR BYGGING AV BUSTADHUS**Vedtak:**

Planutvalet har vurdert søknaden og finn etter ei samla vurdering å gje samtykke til dispensasjon av eit areal på ca. 1000 m2 frå gnr 43, bnr. 13 og 233 til bustadføremål.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 1-8 og 19-2

036/10: KOMMUNEPLAN - AREALDELEN - RULLERING 2010

Handsaming i møtet:

Framlegg frå FRP v/Helge Andre Njåstad:

Tillegg:

Då det i den nye plan og bygningslova skal vera tettare kopling mellom samfunnsdel og arealdel i kommuneplanen vert rådmannen bedt om å også legge fram sak til kommunestyret om rullering av samfunnsdelen.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding som vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over tilleggsframlegget frå Helge Andre Njåstad som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre gjer i medhald av plan- og bygningslova § 11-12, vedtak om å gjennomføre planprosess med sikte på å revidere kommuneplanen si arealdel med føresegner og retningslinjer, med spesiell vekt på strandsona og sjøområda.

Administrasjonen vert bede om å leggja fram for kommunestyret, forslag til planprogram etter reglane i §§ 11-13 og 4-1.

Då det i den nye plan og bygningslova skal vera tettare kopling mellom samfunnsdel og arealdel i kommuneplanen vert rådmannen bedt om å også legge fram sak til kommunestyret om rullering av samfunnsdelen.

037/10: Søknad om oppstart av regulering av område på austsida av Huftarøy

Vedtak:

I medhald av PBL § 12-8 *Oppstart av reguleringsplanarbeid*, godkjenner planutvalet melding om at det startast arbeid med utarbeiding av reguleringsplan for GB. 47/1, 46/6 og 46/170, Haukanes/Sandvik.

Plannamn er Prosjekt Austevoll Cruise Port.

Tiltakshavar er Garfrend As.

Søkjjar kunngjer oppstart planarbeid til minst ei avis, og orienterer dei som etter lova har krav på skriftleg varsel om planoppstart (grunneigarar, heimelshavarar, naboar, styresmakter mm.)

Planen skal utarbeidast av fagkunnige.

038/10: GNR. 62 BNR. 0005 VINNES GILSVÅG. RAMMELØYVE BRUKSENDRING FRÅ NAUST TIL NÆRINGSBYGG FOR UTLEIGE. SØKNAD OM DISPENSASJON

Handsaming i møtet:

Framlegg frå FRP v/Helge Andre Njåstad:

Planutvalet viser til §19-1 i PBL om dispensasjon som heimlar at regionale og statlge myndigheter skal ha høve til å uttale seg før det vert gjeve dispensasjon. Planutvalet kan ikkje sjå at denne saka har vore på uttale og må difor avvise saka på formelt grunnlag og be administrasjonen leggje den fram på ny etter at alle formkrav i PBL er på plass.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegget frå Helge Andre Njåstad. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Planutvalet viser til §19-1 i PBL om dispensasjon som heimlar at regionale og statlge myndigheter skal ha høve til å uttale seg før det vert gjeve dispensasjon. Planutvalet kan ikkje sjå at denne saka har vore på uttale og må difor avvise saka på formelt grunnlag og be administrasjonen leggje den fram på ny etter at alle formkrav i PBL er på plass.

039/10: GNR. 23 BNR. 0019 MØKSTER. SØKNAD OM MELLOMBELS DISPENSASJON I MEDHALD AV PBL. § 19-3, FOR UTLEGGING AV FLYTEBRYGGER

Vedtak:

1. Planutvalet har vurdert klage, motteke 22.02.10, frå Fylkesmannen i Hordaland 5 v/miljøvernavingdelinga på Planutvalet sitt vedtak i sak PLA 007/10 den 19.01.10,

der det vart vedteke å gje dispensasjon i samband med søknad om utlegging av flytebyggje på gnr. 23 bnr. 0019, Møkster.

Planutvalet finn grunnlag for å ta Fylkesmannen si klage på vedtaket til følgje, og legg fram ny tilråding frå administrasjonen i møte den 06.04.10.

2. Planutvalet har vurdert søknad om dispensasjon, motteke 25.10.09, om utlegging av flytebyggjer/utviding av eksisterande flytebyggje på Møkster, på gnr. 23. bnr. 19.

Planutvalet meiner at dette tiltaket er så omfattande at det krev reguleringsplikt etter Pbl § 12-1. Utvalet vil likevel opne opp for mellombels dispensasjon etter Pbl § 19-3 frå plankravet under følgjande vilkår:

- Det skal sendast inn søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid. Planarbeidet skal utarbeidast av fagkunnige.
- Oppstart av planarbeidet skal vere godkjend, før byggjesøknad om utlegg av flytebyggja vert handsama.
- Tiltaket må ikkje lagast større enn det tal båtplassar som er naudsynt.
- Det må ikkje gjerast permanente inngrep på land ved etablering av anlegget.
- Mellombels dispensasjon gjeld til reguleringsplan for området vert endeleg godkjend i KST, seinast innan 2 år.

**040/10: Reguleringsendring Indreholmen del av gnr. 40, molo og kaier nord på øya.
Omregulering av naust til driftsbygning for fiskeri.**

Vedtak:

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av pbl § 12-8, at det vert sett i gang arbeid med føremål endring av reguleringsplanen for Indreholmen. Endringa gjeld omregulering av naust til driftsbygning for fiskeri. Søkjar sørgjer for underretning og melding på vanleg måte. Arbeidet skal utførast av fagkunnige.

**041/10: GNR. 51 SØREIDE HYTTEFELT - SØKNAD OM MELLOMBELS
DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN**

Vedtak:

Det faste utvalet for plansaker har vurdert uttale frå Fylkesmannen som gjeld søknad om mellombels dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan, på gnr. 51 i Søreide hyttefelt. Utvalet finn ikkje å ta Fylkesmannen si klage til følgje, og rår dermed til mellombels dispensasjon fram til endring av reguleringsplanen er godkjend.

Dispensasjonen gjeld for tilkomst til, og parkering ved eiga hytte